

Hendingsbasert tilsyn med sosialtenesta



«Enkelt-
hendingar
eller
situasjonar
kan også
føre til at
Fylkes-
mannen
følgjer opp
med tilsyn.»

Rettsleg grunnlag for tilsyn

Fylkesmannen fører tilsyn med sosialtenesta etter kapitla 4, 4A, 6 og 7 i sosialtenestelova. Tilsynsmyndet til Fylkesmannen er heimla i sosialtenestelova § 2–6. Statens helsetilsyn har etter § 2–7 det overordna faglege tilsynet med sosialtenesta. Frå og med 1. januar 2010 har Fylkesmannen og Statens helsetilsyn også tilsynsoppgåver etter ny lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen §§ 9 og 10. Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak, og i klagebehandlinga kan Fylkesmannen bli merksam på tilhøve som krev oppfølging gjennom tilsyn.

Tilsyn er måten styresmaktene kontrollerer at krava som følgjer av lovgivinga, blir følgde. Det planlagde tilsynet med sosialtenesta har tradisjonelt vore utført som systemrevisjonar. Områda for tilsyn blir valde på bakgrunn av risiko- og sårbarheitsvurderingar der ein har grunn til å tru at det kan vere svikt.

Hendingsbasert tilsyn

Enkelthendingar eller situasjonar kan også føre til at Fylkesmannen følgjer opp med tilsyn. Hendingsbasert tilsyn tek vanlegvis til etter klage frå ein tenestemottakar eller pårørende om forhold eller hendingar knytte til tenestetilbodet. Etter eventuelt å ha innhenta tilleggsplynsningar vurderer Fylkesmannen om forhold, ein situasjon eller ei enkelt hending gir grunn til å tru at ein kommune eller ei verksemd ikkje oppfyller dei krava som styresmaktene stiller. Statens helsetilsyn har i 2009 i samarbeid med Fylkesmennene laga ein rettleiar for korleis Fylkesmannen skal behandle slike tilsynssaker.

Eksempel på forhold og hendingar som kan føre til tilsynssaker

- Heimehjelpa møter ikkje hos tenestemottakar som bestemt i vedtaket.
- Stor utskifting i bemanninga på ein institusjon medfører at ein person med psykisk utviklingshemming stadig må tilpasse seg nye hjelparar, og det kan føre til at det blir brukt unødig tvang.

Eksempel på ei konkret sak

Vedtaket om brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for ein tenestemottakar blei ikkje sett ut i livet fordi kommunen stilte krav om særskild fagkompetanse hos assistentar. Fylkesmannen konkluderte i denne saka med at kommunen ikkje kan setje andre krav til kvalifikasjonar ved tilsetjing av assistentar enn det som er nødvendig for å sikre at den enkelte tenestemottakaren får forsvarlege tenester.

Utgangspunktet for korleis Fylkesmannen behandlar tilsynssakene, er å kontrollere at forhold, aktivitetar og avgjerder er i samsvar med dei pliktene som er nedfelte i lov eller med heimel i lov. Fylkesmannen må hente inn fakta og vurdere om det har vore brot på dei rettsreglane som gjeld for sosialtenesta. Konklusjonen blir send til kommunen, som har plikt til å rette opp svikt som er påvist. Ofte heng svikt i tenestene saman med veikskapar i styringssystemet til kommunen. Tilsynsorganet må derfor sjå til at svikten blir korrigert, og at verksemda har eit styringssystem som kan fange opp svikt i framtida.

Organisering i NAV – ei særleg utfordring

NAV-reforma fører med seg at ansvaret for tenestene er delt mellom kommune og stat i eit NAV-kontor. Ansvarsområdet til NAV-kontoret kan utleiast delvis av lov og delvis av kontrakt mellom staten og kommunen. Fylkesmannen må derfor, når dei rettar tilsynet mot ein kommune, vere særleg merksam på om kommunen har organisert delar av dei sosiale tenestene under NAV. Samarbeids- eller partnerskapsavtalen mellom kommune og NAV er sentral når ein definerer kva tenester som er lagde til NAV, og forholdet til andre kommunale og sosiale tenester.